



Bjørg Forland
Utsiktsveien 30 A
1410 KOLBOTN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1501 - 15/21266

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
16.06.2015

Løyve til tiltak - gbnr 68/2 Bruknapp - naust og kai

Administrativt vedtak. Saknr: 235/15

Tiltakshavar: Bjørg Forland

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med bygd areal (BYA) 28 m² og kai 14 m². Søknaden omfattar også grunn- og terrengarbeid. Naustet ligg på gbnr 68/2, i samsvar med ein rett tilhøyrande gbnr 68/10. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.04.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 6. juli.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til hytter. Det er gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og byggeforbode i strandsona i PM-møte 03.10.2012.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknad frå eigar av eigar av nabonaust med kai på same eigedom, Elin Eidfjell. Merknaden går ut på at ho ønsker større avstand mellom anlegga.

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad i brev datert 16.03.2015. Tiltakshavar viser til at framlegget frå nabo ikkje er i samsvar med dispensasjonen og ikkje er akseptabel for eigarane av 68/2 og 68/10. Tiltakshavar søker no om å plassera kaien på andre sida av naustet, mot kaien ved nabonaustet.

Privatrettslege forhold:

Sidan byggesøknaden er ei direkte oppfølging av dispensasjonssøknade, som heimelshavar til gbnr 68/2 hadde signert, krev vi kkje særskilt fullmakt til å signera i denne saka.


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



VURDERING:

Å speilvenda anlegget (naust/kai) ser vi på som ei så lita endring innafor det arealet som er godkjent i dispensasjonssaka, at det ikkje krev ny dispensasjonssøknad. Ved å flytta anlegget bort frå naboanlegget for å få avstand mellom dei, vil ein flytta seg inn på nytt areal, og det vil måtta handsamast som ny dispensasjonssak. Det er søkt etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-2. Naust kan handsamast etter denne paragrafen, men det kan ikkje kaien. Vi gjer difor saka om til § 20-1-sak, og gjev fritak frå ansvar og kontroll. Dette grunngjev vi med at tiltaket har liten teknisk vanskegrad.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av naust og kai på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 14.04.2015 med heimel i pbl. 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det vert gjeve unntak frå krav om ansvar og kontroll jf § 23-1 siste ledd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1501

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka (også gebyr for handsaming i plan- og miljøutvalet 03.10.2012) :

Kode	Skildring	Tal	Sum
	Søknadspliktige tiltak pbl kap 20		
6.1	Bruk av kartbasis	1	Kr 500,-
10.2.6	Basisgebyr naust, kai	2	Kr 6.800,-
C.4.2	Dispensasjonsvurdering (2011-regulativ)	1	Kr 5.700,-
	Totalt gebyr å betala		kr 13.000,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Elin Eidfjell

Øvre Lønborg 48 5039

BERGEN

Mottakarar:
Björg Forland

Utsiktsveien 30 A 1410

KOLBOTN